



Landbruk  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/665 - 23/9025

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
01.02.2023

## Søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 110/2 Syslak

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr 110/2  
Tiltakshavar: Atle Syslak og Norvald Syslak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå dele – og byggeforbodet i strandsona, pbl § 1-8 og dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan. Søknaden gjeld naustetomt med eksisterande naust. Tomta er oppgjeve til å vera totalt omlag 120 m<sup>2</sup>.

Gbnr 110/2 er registrert med eit areal på om lag 219 daa i matrikkelen. Eigedommen er bygd med våningshus, løe, garasje og reiskapshus i tillegg til naustet.

Søknaden er nabovarsla. Det er ikkje kome nabomerknader.

Tiltakshavarane har overtatt bruket som arv i 2022. Dei har søkt 2 gonger om frådeling/ arealoverføring av same tomta i 2022. I sak 22/2421 vart søknaden trekt etter at det vart gjeve avslag på deling etter jordlova. I sak 22/7155 vart det gjeve avslag på søknad om dispensasjon etter plan og bygningslova. Statsforvaltaren kom med uttale i sak 22/2421.

Formålet med søknaden er halda naustet i familien i samband med at ein ønskjer å selja gbnr 110/2. Det har ikkje vore drift på bruket sidan 2004. Bnr. 2 har tilgang til sjø gjennom del i 2 felles opplagsplassar.

Det er lagt fram erklæring om gangvegrett over bnr. 3 og rett til parkering på gbnr 110/21. Det er om lag 600 m langs veg og deretter om lag 175 m lags sti fram til naustetomta.

Delar av naustet er bygd på nausterett på gbnr 110/3. Dette etter jordskifte i 1987. Frådeling av denne delen er del av søknaden.

### Planstatus

Arealet er uregulert og sett av til LNF formål i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, planid: 1263-200810.

Arealet ligg innanfor byggje- og deleforbodet langs sjø etter pbl. § 1-8. Delar av tomta ligg innanfor bandleggingssone H\_740, høgspenningsanlegg.


## VURDERING

### Dispensasjon


Det er søkt om dispensasjon frå dele – og byggeforbodet i strandsona, pbl § 1-8. Og frå arealformålet i kommunedelplanen.

Søklar grunngjev dispensasjonssøknaden med mellom anna: Bnr. 2 framleis vil ha tilgang til sjø gjennom del i 2 felles opplagsplassar. Naustet har ikkje vore viktig for ressursgrunnlaget for bruket. Tiltakshavarane er busette i området og dersom ikkje naustet let seg frådela vil ikkje gbnr 110/2 verta seld. Parsellen er allereie bygd på. Ein dispensasjon vil derfor ikkje føra til auka privatisering av strandsona eller påverka natur- og kulturmiljøet.


Sjå vedlagt dispensasjonssøknad motteken 20.01.2023 for meir informasjon.



Frå situasjonsplanen



Frå kommunedelplanen



### Jordlova

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådelling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova. Søknaden vert likevel sendt på høyring til regionale mynde.

### Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Vedlegg 4 - søknad om dispensasjon

Vedlegg 1 . Situasjonsplan

Søknad om å skille ut nøstetomt - gbnr 110/2 Syslak

Avslag på søknad om frådelling av naustetomt og naust etter jordlova på gbnr. 1102 Syslak

Avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 110/2 Syslak

### Kopi til:

Atle Herfinn Syslak

Grønfjellet 75

5955

LINDÅS

### Mottakarar:

Bkk As

Postboks 7050

5020

Bergen

Landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

Bergen